



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Høyanger kommune – innmelding i register for betinga godkjenning og kontroll (Robek)

Statsforvaltaren gir med dette ei orientering om bakgrunnen for innmelding av Høyanger kommune i Robek-registeret.

Høyanger kommunestyre handsama og vedtok i sak 032/23 årsrekneskap og årsmelding for 2022, der balanserekneskapen til kommunekassen viser eit meirforbruk frå driftsrekneskapen på kr 31 961 663. Sum brutto driftsinntekter er etter økonomisk oversikt drift (jf. forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap for kommunar § 5-6) kr 524 438 408. Det balanseførte meirforbruket utgjer etter dette seks prosent av driftsinntektene.

Det er kommunelova § 28-1 som regulerer når ein kommune skal meldast inn i Robek. Etter bokstav d skal kommunar der

balanseregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen viser et oppsamlet merforbruk fra driftsregnskapet som er større enn tre prosent av driftsinntektene,
meldast inn i registeret.

Med grunnlag i § 28-1, bokstav d, blir Høyanger kommune meldt inn i Robek-registeret.

Overordna er bakgrunnen for det store meirforbruket eit større tap på avtalar for sal av konsesjonskraft mot ein budsjettert gevinst, men òg eit vesentleg meirforbruk i drifta av tenestemråda. I årsmeldinga for 2022 har kommunedirektøren denne omtalen om meirforbruket :

Høyanger kommune har eit svært dårleg rekneskapsår i 2022. Det skuldast spesielt to forhold. For det første, vi hadde budsjettert med om lag 36 millionar i kraftinntekter i 2022, mens resultatet blei at vi tapte om lag 43 millionar på sal av kraft. For det andre, vi har eit meirforbruk på drift på om lag 17 millionar. Vi har eit netto driftsresultat på 14,93 % og vi har brukt opp disposisjonsfondet vårt. Vi har eit meirforbruk etter strykningar på om lag 31,8 millionar som vi har med oss inn i 2023.



Driftsnivået i 2022 er for høgt i forhold til inntektene, og det er tilfellet sjølv om ein hadde fått inntektene ein budsjetterte med (kraft). Opphavleg budsjett vart saldert med om lag 7 millionar i budsjettvedtaket i desember 2021.

I saka om årsrekneskap og årsmelding for 2022, har kommunestyret vedteke at det balanseførte meirforbruket vert dekt av budsjetterte midlar avsett til dekning av tidlegare års meirforbruk i 2023.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Registreringsskjema for innmelding i Robek.

Kopi til:

Høyanger kommune

Postboks 159

6991

HØYANGER